



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karin Thauland	909 78 556	2022/2840-2	«REF»	19.04.2022

Konsesjon - 194/34 - Sæbøvik -Hege Mehammar Tofte og Geir Sverre Tofte - delegert vedtak

Søkjjarar: Hege Mehammer Tofte og Geir Sverre Tofte, Olderhagen 30, 5454 Sæbøvik

Overdragar: Idar Øvrevik, Nedre Sæbø, 5454 Sæbøvik

Konsesjon: Gnr/bnr 194/34

Arealet : 40,6 dekar

Konsesjonseigedommen skal nyttast til landbruk

Kjøpesum: kr 300.000

Delegert saksnummer: 2022/186

Søknad motteken 4.4.2022

Vedtak:

Kvinnherad kommune gjev Hege Mehammer Tofte og Geir Sverre Tofte konsesjon på overtaking av gnr/bnr 194/34 som omsøkt. Arealet skal nyttast til landbruk.

Det vert sett vilkår om at eigedommen tek del i fellestiltak.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova 28. nov 2003 sin §§ 1 og rundskriv M-1/21

Dette er eit einskildvedtak som kan klagast på til Statsforvaltaren i Vestland etter Delegasjonsføresegnene (til konsesjonsloven)§ 3-1, og Forvaltningsloven §27,3.ledd. Klage skal stilast til Fylkesmannen og sendast Kvinnherad kommune v/ Forvaltningsutvalet

Grunnlag for løyvet:

Det vert søkt om konsesjon for overtaking av gnr/bnr 194/34 i Kvinnherad. Arealet er ein skogsteig på 40,6 dekar i følge NIBIO sine gardskart.

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/194/34/0?gardskartlayer=ar5k17>

Det er ikkje bygningar på skogsteigen.

Søkjarane eig og driv gnr/bnr 196/4 i Kvinnherad som ligg i nærleiken av konsesjonseigedom.

Det er 10 dekar fulldyrka jord, 6 dekar beite og 33 dekar skog -totalt 75 dekar på 196/4 i følgje NIBIO sine gardskart:

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/196/4/0?gardskartlayer=ar5kl7>

Konsesjonsbruket skal nyttast som tilleggsjord. Teigen vart frådelt frå 194/3 - sak 2022/403 - der føremålet var å selje teigen til konsesjonssøkjar. Det vert ingen endring av arealbruken.

Vurdering

Søknaden er vurdert etter Konsesjonslova si § 5 og Rundskriv M 2 og 3 – 2009, M 1/21 frå Landbruks og matdepartementet.

Som utgangspunkt er det søkjars føremål med kjøpet som vurderast i høve til å gi konsesjon, då i forhold til relevante samfunnsinteresser som gjer seg gjeldande i saken, jf. Konsesjonsloven § 1. Gjeld kjøpet landbrukseiendom, gjeld og konsesjonslova § 9.

I konsesjonslova § 9 første ledd skal det i vurderinga leggast særleg vekt på kjøpars føremål vil ta hand om omsynet til busetting i området, korleis kjøpet innebere ein driftsmessig god løysing, om kjøpar reknast skikka til å driva eigedommen, og om kjøpet tar hand om omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Andre omsyn kan og takast med i vurderinga om naudsynt.

Busetting/ Buplikt:

Søkjar eig gnr/bnr 196/4 Arealet vert kjøpt som tilleggsjord. Det er ikkje buplikt på bruket.

Driftsmessig god løysing:

Søkjar eig skogsteig som ligg nær konsesjonseigedom. Kjøp av tilleggsareal vil føre til ei driftsmessig god løysing . Søkjarane er kvalifisert til å eige og drive eigedommen.

Konsesjonslova § 9a om priskontroll:

I følgje rundskriv M 1/21 punkt 5.2.11, skal ikkje prisen vurderast i samband med konsesjonsvurdering som gjeld ubebygde skogseigedomar.

Konsesjonssøknaden gjeld oppfølging av godkjend frådeling.

Administrasjonen finn ingen tilhøve som talar i mot å gje konsesjon, jf. Konsesjonsloven § 7.

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Karin Thauland

Fagkoordinator næring

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.